

	Norge	Rogaland	Hordaland	Sogn og Fj.	Møre og Romsd.
Ap	89	99	92	88	85
SV	147	120	143	132	156
H	93	95	97	98	90
Frp	93	105	100	92	111
KrF	75	79	71	53	69
Sp	188	143	173	144	159
V	83	78	76	64	63

*Tabellen viser valoppslutning i 2017 i prosent av 2013-resultatet. Grønt markerer betre resultat enn landstrenden, raudt dårlegare og svart tilnærma lik utvikling som landet elles. Partia under sperregrensa, MDG og Raudt, er ikkje med i denne analysen, men tendensen deira på Vestlandet skil seg ikkje dramatisk frå resten av landet.*

## Sentrumslandet i vest minkar

**Dei tre største partia gjorde eit betre stortingsval på Vestlandet enn i landet elles. Sentrumspartia taper derimot terreng i den gamle bastionen sin. Vestlandet blir meir likt resten av landet.**

*TOM HETLAND, kommentator*

Både Erna Solberg og Jonas Gahr Støre satsa sterkt på å vinna Vestlandet i årets valkamp. Mange mandat var i spel i denne landsdelen, som sterkare enn resten av landet hadde merka konsekvensane av oljekrisa. Det regjeringsalternativet som var mest truverdig hos vestlendingane, ville ha gode sjansar til å vinna makta nasjonalt. Slik resonnererte dei politiske strategane og kommentatorane.

Nå har me fasiten. På sett og vis syner den at både regjeringspartia og Arbeidarpartiet fekk lønn for strevet. Både Arbeidarpartiet, Høgre og Framstegspartiet gjorde – med enkelte unntak - eit betre val på Vestlandet enn i landet under eitt.

Ap hadde mindre tilbakegang enn landstendensen i alle vestlandsfylka bortsett frå Møre og Romsdal. Partiet erobra også eit mandat på Vestlandet (i Rogaland), medan det på landsbasis gjekk tilbake med seks representantar.

Biletet er det same for Høgre, som også gjorde det relativt betre i vestlandsfylka, igjen med unntak av Møre og Romsdal. Endå betre gjekk det for Frp, som hadde eit klart betre resultat enn landstendensen i Rogaland, Hordaland og Møre og Romsdal, og gjorde det om lag like godt som resten av landet i Sogn og Fjordane. Ingen av dei fem mandata som dei to regjeringspartia mista, gjekk tapt på Vestlandet.

Kven har så gjort det dårlegare i vest?

Tabellen gir svaret: sentrumpartia.

Senterpartiet gjorde eit kjempeval nasjonalt, men framgangen var relativt sett mindre i alle vestlandsfylka. Eitt av ni nye mandat kom på Vestlandet, utjamningsmandatet til Nils Bjørke i Hordaland.

Kristeleg Folkeparti gjorde det dårlegare enn landstrenden i alle vestlandsfylka med unntak av Rogaland. Det hindra likevel ikkje at det eine av dei to mandata i fylket gjekk tapt. Framleis er KrF representert frå alle vestlandsfylka, men på utjamning i dei to nordlegaste.

Og så Venstre, då. Så seint som i 1993 var Hordaland det einaste fylket som sende ein Venstre-representant til Stortinget, då Lars Sponheim gjekk i triumfferd over Hardangervidda. Denne gongen var det så vidt Terje Breivik berga Hordalands-mandatet, og utjamningsmandata i alle dei andre fylka gjekk fløyten. Venstre har så svak utvikling at partiet også i absolutte tal står svakare i vest enn landsgjennomsnittet.

SV skal me ikkje gløyma. Også Audun Lysbakkens parti gjer det noko dårlegare enn landsgjennomsnittet i dei tre sørlegaste vestlandsfylka, medan Møre og Romsdal også denne gongen er unntaksfylket.

Korleis kan desse utviklingstrekkja forklarast? La oss gå nærmare inn på dei enkelte partia og fylka:

**Arbeidarpartiet** gjorde sitt beste val i år i Rogaland, der partiet heldt stillinga så nokolunde og altså vann eit mandat. Rogaland vart hardast råka av oljekrisa, og var under valkampen framleis det fylket i landet som hadde høgast arbeidsløyse, sjølv om pilene var i ferd med å peika oppover.

Det hadde to konsekvensar. For det første at sysselsetting og næringspolitikk stod høgt på dagsordenen i Rogaland, for det andre at Ap si kriseforteljing var meir truverdig i dette fylket enn andre stader. Dermed kunne partiet spela ei tydelegare opposisjonsrolle. Hypotesen blir styrkt av at Ap gjorde det aller best i dei mest typiske oljekommunane: Stavanger, Sandnes og Sola. Lekkasjen frå Ap til SV og Sp ser ut til å ha vore mindre i Rogaland enn i andre fylke, men Ap sitt relativt gode Rogalands-val gjekk ikkje ut over Høgre og Frp, som me skal koma tilbake til.

I Hordaland, som også er eit stort oljefylke, kan ein sjå spor av den same tendensen som i Rogaland, men Ap gjer det svakare jo lenger nord på Vestlandet ein kjem. I Møre og Romsdal, og særleg på Nordmøre der sjukehusstriden har vore hard, ser det ut til at Ap har tapt mange stemmer til Sp. Her møter me mønsteret frå meir typiske utkantfylke i Nord-Norge og Innlandet. Om Ap skulle ha markert klarare front mot Sp eller motsett gått lenger i sentraliseringskritikken av regjeringa, overlet eg til partistrategane å vurdere.

**SV** gjorde ikkje noko spesielt godt val på Vestlandet. 7,0 prosent i Hordaland må likevel vurderast på bakgrunn av det gode resultatet i fylket i 2013. Då er ei utvikling på nivå med landstendensen slett ikkje dårleg.

Det kan vera fleire grunnar til at **Høgre og Framstegspartiet** gjorde det godt. I Rogaland har særleg Høgre sterkt truverte som «oljå» sitt parti. I valkampen var også Frp, med oljeminister Terje Søviknes i spissen, aktive med budskapet om full gass i næringa. At oljekrisa dominerte dagsordenen kan såleis ha vore til fordel både for Ap og regjeringspartia, sjølv om dei til dels stod for ulike løysingar.

Lenger nord på Vestlandet ser det ut til at regjeringspartia gjennom valkampen greidde å tetta lekkasjen til Sp. At både Høgre og Frp held stillinga i eit fylke som Sogn og Fjordane, der sentraliseringsspørsmål hadde dominert den politiske diskusjonen i lang tid, er oppsiktsvekkjande. Men regjeringspartia lukkast tydelegvis med å presentera ei alternativ forteljing om kor godt det går i distrikta, og at det ikkje er nokon grunn til å syta. Sogn og Fjordane hadde då også den lågaste arbeidsløysa i landet.

Det gode Frp-resultatet i Rogaland, Hordaland og ikkje minst Møre og Romsdal er verd å notera seg. I ein artikkel om Sunnmøre i Dag og Tid framstiller Jon Hustad Frp som arvtakar etter dei gamle motkulturelle sentrumpartia, som partiet for folk som vil vera i fred for staten og klara seg sjølv.

Det kan liggja noko i denne «mentalitetsteorien». Men ei anna og meir prosaisk årsak kan vera at Frp meir enn noko parti har gjort Vestlandet synleg i dei nasjonale maktsirklane. Heile fem Frp-statsrådar er frå Vestlandet. Dei viser godt igjen og er populære på heimebane. Ketil Solvik-Olsen stod på ein beskjeden 9. plass på Frp-lista i Rogaland, men ein av ti Frp-veljarar retta på lista for å få han høgare opp. I eit stortingsval er det sjeldan å sjå ei så massiv personleg tillitserklæring.

Me skal vel heller ikkje sjå bort frå at ein statsminister frå Bergen trekte nokre ekstra Høgre-stemmer i Hordaland.

**Senterpartiet** vart den store valvinnaren, men i mindre grad på Vestlandet. Særleg i Rogaland ligg partiet nå langt under landsgjennomsnittet, som det låg på line med for ikkje så lenge sidan.

Men Rogaland er ikkje som før. Enkelte har undra seg over at Sp fekk nokre av sine «dårlegaste» resultat i dei sterke landbrukskommunane på Jæren. Då gløymer dei at heller ikkje her utgjør bøndene meir enn cirka fem prosent av innbyggjarane, og ein del av jærbøndene har dessutan meir sans for stordrift og marknadsorientering enn det Sp har.

I Rogaland, truleg også i Hordaland, var Sp sine mobiliseringssaker mindre sentrale i den politiske debatten. Det var ingen tvangssamanslåingar av kommunar, politireforma gjekk relativt roleg for seg, og ulven har ikkje vist seg på mange år. Dei fleste rogalendingar og hordalendingar oppfattar seg ikkje som distriktsmenneske. Og oljekrisa overskugga som sagt andre saker.

Lenger nord på Vestlandet, i dei meir typiske distriktsfylka, fann Sp-sakene større gjenklang. At partiet aukar mindre prosentvis i Sogn og Fjordane enn i andre fylke, må sjølvstundt sjåast i samanheng med at partiet stod så sterkt der frå før. Berre den sterke Høgre-spurten hindra at Sp tok to av dei tre faste mandata i fjordfylket.

**Kristeleg Folkeparti** er altså framleis representert frå alle vestlandsfylka, men på hengande håret. At Kjell Magne Bondeviks heimfylke må ta utjamningsordninga til hjelp for å få ein plass på Stortinget, bør få alarmklokkene til å ringa.

Debatten om regjeringsstrategi og politisk kurs er som kjent i full gang, og her er det eit sentralt punkt kor dei fråfalne KrF-arane går hen. Dessverre er datagrunnlaget førebels så svakt at det blir meir synsing enn fakta. Det beste me så langt har er InFact si valdagsmåling, gjengitt i [pollofpolls.no](http://pollofpolls.no) tidlegare. Den tyder på at den populære medieforteljinga om «kampen om kristenfolket» mellom KrF og Frp står nokså langt frå realitetane. Sidan 2015, då Frp gjorde eit dårleg val, er det berre netto 5000 veljarar (snaut to promille av veljarmassen) som har vandra frå KrF til Frp.

Tapet til Sp er over dobbelt så stort, og i mange vestlandsbygder er det liten kulturell avstand mellom dei to partia. På Vestlandet har KrF jamt over gjort det dårlegast der Sp har gjort det best, og omvendt. Men sofaen har nok også forsynt seg av uvanleg mange KrF-veljarar i år.

**Venstre** er som sagt den største taparen på Vestlandet i år. Vestlands-Venstre var i gamle dagar den konservative delen av partiet. Nå er mange venstrefolk i vest frustrerte over det dei oppfattar som altfor blå haldningar blant partifellane i Oslo-området, og delvis i partileiinga. Spesielt Sylvi Listhaug sine utspel var vanskelege å forklara for Venstre-grasrota, og entusiasmen i valkampen var nok ikkje på topp overalt.

Eit interessant spørsmål er kvifor Høgre-veljarar ikkje har stemt taktisk på Venstre andre stader enn i Oslo og Akershus. Var det berre der det gjekk ut uformelle parolar om å hjelpa Venstre over sperregrensa, eller er årsaka at den politiske avstanden mellom Venstre og regjeringspartia kjennest større i resten av landet – frå begge sider? Den geografiske splittinga kan bli ei vanskeleg nøtt for Venstre-leiarane, både når dei skal ta stilling til regjeringsdeltaking og når dei seinare skal leggja opp strategien for å greia sperregrensa også i 2021.